

IKT-reglement for skulane

Det skal vere trygt og sikkert å bruke skulen sitt datautstyr. Gjennom bruk av dette utstyret får ein tildelt ein identitet som gjer det enklare for eleven å nå ressursar også utanfor skulen sitt nettverk. For at dette skal gå føre seg på ein trygg og sikker måte, treng vi ein forpliktande avtale i botn. Avtalen under må sjåast i samanheng med dokumentet «Rettar og plikter med IKT-bruk» som seier meir om rettar og pliktar eleven har i høve til bruk av skulens datatenester. Saman med foreldra ynskjer skulen å formidle gode haldningar til datatryggleik til beste for den enkelte og heile samfunnet.

Formål og omfang

Formålet med reglementet er å avgrense roller, rettar og plikter for eleven og skulen og definere kva som er god bruk av IKT. Reglementet femner om IKT-utstyr brukt på skulen, eige utstyr brukt på skulen og dersom skulen sitt utstyr blir brukt til undervisning i heimen.

Elevane sine rettar

- Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT i samsvar med gjeldande opplæringsplanar for grunnskulen.
- Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT-utstyr i undervisninga.
- Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet ved skulen.
- Skulen treng samtykke frå eleven før dei kan utlevere opplysningar om enkeltelevar eller data som høyrer til enkeltelevar.
- Skulen er pålagt å ta vare på arkivverdig materiale. Anna materiale som elevar har produsert blir sletta når eleven går ut av grunnskulen. Eleven har rett til ein kopi av eige materiale.

Elevane sine plikter

- Det er skulen som definerer når og korleis skulen sitt IKT utstyr skal brukast.
- IKT-utstyr er utlånt av skulen, og skal takast godt vare på.
- I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobiltelefonar, nettbrett og datamaskiner berre brukast etter avtale med skulen.
- Det er ikkje lov å ta bilde eller video av medelevar eller tilsette utan løyve frå lærar og vedkomande ein tek bilde/video av. Digital mobbing skal ikkje skje.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalde tekst, bilete, lyd eller video som er av støytande art, eller som heng ut enkeltpersonar eller grupper. Eleven pliktar å respektere opphavsretten også til digitalt materiale.
- Brukarnamn og passord er privat, og skal ikkje delast med andre.
- Eleven pliktar å vise varsemd slik at ikkje uvedkomande får tilgang til IKT-utstyr eller nettverk gjennom vondsinna kode eller deling av passord.

Inngrep og sanksjonar

- Skulen sitt ordensreglement gjeld også for denne avtalen. Brot på IKT-reglementet blir handtert som brot på andre reglar ved skulen.
- Skulen har eit ansvar for å gripe inn overfor elevar som mobbar eller trakasserer andre elevar eller tilsette ved skulen.
- Elevar som valdar skade på kommunen sitt IKT-utstyr, kan bli haldne erstatningsansvarlege.
- I tillegg kan IKT-ansvarlege gripe inn på alle vis som er nødvendig for å halde datasystemet i forsvarleg drift.

Underskrift er å forstå som kvittering på at reglementet er lese og akseptert.

Stad og dato: _____

Elev:

Føresette (dersom eleven er under 14 år):

Dato: 01.02.2022

Rettar og plikter med IKT-bruk

Avsnitta under tek for seg IKT-reglementet til skulen i Fjord. Her blir reglementet utdjupa og forklart. Det er meininga at dokumentet skal gi svar på dei fleste spørsmål elevane kan komme med i høve til reglementet. Ein bør gå gjennom innhaldet i dette dokumentet for elevane minst ein gong pr. skuleår.

Rettar

Alle elevar har rett til å bli informert om skulen sitt IKT-reglement

Den enkelte skule har ansvar for at alle elevane er kjend med IKT-reglementet. Sjølv om eleven har fylt 14 år, og har plikt til å sette seg inn i reglementet sjølv, har skulen framleis ansvar for å informere om reglementet.

Alle elevar har rett til å bli undervist i bruk av IKT

LK-20 har med IKT-dugleik i sine mål. Elevane har rett til opplæring i bruk av IKT på lik linje med opplæring i lesing, skriving og rekning.

Alle elevar har rett til velfungerande IKT-utstyr

LK-20 definerer IKT-kunnskap som ein femte dugleik på lik linje med lesing, skriving, rekning og uttrykke seg munnleg. For å få til dette, er det ein føresetnad at kommunen/ skulen har velfungerande IKT-utstyr. Det er også ein føresetnad at elevane har tilgang til IKT-utstyret.

Alle elevar har rett til at alt som blir lagra på datamaskinene blir teke godt vare på

Ta "godt vare på" tyder å ikkje spreie utan samtykke, ikkje slette utan forvarsel og ikkje gjere tilgjengeleg for uvedkommande. Skulen i Fjord gir tilgang til Office 365. Dette gir tilgang til skytenester for lagring, redigering og deling av dokument.

Alle elevar kan få ta med seg det som dei har laga på datamaskinene når dei sluttar på skulen

Det elevane produserer på skulen har dei opphavsrett til. Dei kan difor sjølv bestemme over dette materialet. Elevane kan ta det med heim så lenge dei ordnar dette sjølv. Materiale som skulen ikkje har bruk for, kan bli sletta etter tre månader. Tilgang til Office 365 blir avslutta når eleven sluttar.

Alle elevar har lik rett til bruk av datamaskinene på skulen

Elevar på same trinn skal ha lik tilgang til IKT-utstyr på skulen. Neste års elevar på same trinn bør også ha same tilgang til utstyr.

Plikter

Korleis skal vi ta hand om IKT-utstyret på skulen vår?

Ein må ta godt vare på IKT-utstyret på skulen. Dersom utstyret blir øydelagt kan elevar/foreldre vere erstatningsansvarlege.

Når kan vi bruke datamaskinene på skulen?

Datamaskinbruk og anna IKT-utstyr ved skulen skal berre brukast etter avtale med skulen (undervisning eller SFO).

Kva kan vi bruke datamaskinene på skulen til?

Datamaskinene skal berre brukast til skulearbeid dersom det ikkje er gjort avtale om anna.

Kven kan bruke datamaskinene på skulen med ditt brukarnamn og passord?

Brukarnamn og passord er hemmeleg, og skal aldri delast med andre. Dersom ein får vite om at nokon spreier eit brukarnamn og passord (sitt eige eller andre sitt), skal ein seie frå til læraren. Elevane må også hugse å logge av etter å ha brukt datamaskinen slik at ingen andre kan bruke datamaskinen med andre sin brukar.

Kva må du tenke på dersom du skal legge ut (publisere) lyd, bilete eller video av medelevar på Internett?

Dersom ein elev skal legge ut bilete, lyd eller video av ein medelev, må han/ho ha samtykke frå eleven det gjeld. Elevar kan i prinsippet ikkje legge ut bilete av andre utan at vedkomande som er med på biletet, har sagt at det er greitt. Dette gjeld også sosiale media.

Kan du oppføre deg annleis på nettet enn i det verkelege liv?

Dette er et leiande spørsmål, og kan følgast opp med eit anna spørsmål når elevane slår fast at det kan dei ikkje: "Har du oppført deg annleis på nettet enn du ville gjort i det verkelege liv?". Når vi kommuniserer med andre på nett er vi aldri anonyme, så vi kan ikkje seie eller gjere ting som vi ikkje ville gjort utanfor nettet. Det er lettare å seie ting utan å tenke seg om når den ein snakkar med ikkje er i fysisk til stades. Nettstaden dubestemmer.no har god informasjon om digital oppførsel.

Har skulen/læraren noko med om du mobbar andre elevar utanfor skuletida?

Skulen har i utgangspunktet ikkje noko med kva som skjer heime. Dersom det som skjer heime har innverknad på eleven sitt psykososiale miljø på skulen, så har læraren plikt til å finne ut kva som skjer. Eit eksempel kan vere at ein elev mobbar ein annan frå sitt private IKT-utstyr heime. Dersom læraren får vite om dette, og det psykososiale miljø på skulen blir forverra av mobbinga, har læraren plikt til å gripe inn ved for eksempel å ta kontakt med foreldra for å gjere dei kjende med situasjonen.

Er du alltid anonym når du er på Internett?

Svaret er nei. Du legg att elektroniske spor overalt som gjer at det er råd å skaffe informasjon om kva du har gjort på Internett. Det er viktig at elevane skjønner dette slik at dei ikkje kan gøyme seg bak anonymitet og dermed endre åtferd når dei opererer på Internett.

Når er det lurt å bruke datamaskin eller mobiltelefon for å snakke med andre, og når er det ikkje lurt?

Mobiltelefon og andre digitale verktøy gir tilgang på kommunikasjonsformer der kroppsspråket manglar. Det kan difor vere vanskelegare å tolke meldingar sendt frå mobiltelefon enn meldingar gitt av ein som er til stades. Bruk av digital kommunikasjon gir oss mange fleire høve til å kommunisere både med deling av morosame ting, sende enkle meldingar fram og tilbake mellom mange, eller finne ut kor vennane dine oppheld seg. Men det er også område der ein bør vere varsam med å bruke digital kommunikasjon. Dette gjeld særleg dersom noko er konfliktfylt eller kan misoppfattast.

Kva kan du gjere for å hindre at spreining av virus på skulen (og eiga)datamaskin?

Eleven må passe på å ikkje opne ukjende vedlegg i e-postar og syte for å ikkje laste ned og opne ukjent innhald frå Internett. Dersom datamaskinen oppfører seg uvanleg, er treg eller ein har mistanke om at noko er gale, skal eleven alltid varsle læraren. Minnepinnar skal ikkje brukast anna enn i særskilte høve. Bruk Office 365 til deling lagring og samhandling med dokument. Vedlegg i e-postar kan innehalde virus sjølv om dei ser ut til å komme frå ein du kjenner. E-postar med dårleg norsk bør ein vere ekstra skeptisk til.

Er alle nettsider opne på skulen?

Skulen i Fjord har ein brannmur med filter mot internett. Denne filtrerer til ein viss grad grov kriminalitet, vald, propaganda og pornografi. Filteret er felles for kommunane i eKommune Sunnmøre.